




# HAREID ROTARY KLUBB

Distrikt 2305  
Klubbnr. RK 12713



Månedsbrev for februar 2015.

Årgang 50

---

Møtedag: Mandag kl. 18.00 - 19.00  
Møtestad: Klubbhuset til Hareid  
IL, 6060 Hareid.  
President: Øystein Alme  
Visepres: Bernhard Harkjerr  
Sekretær: Arne G. Aschehoug  
Kasserar: Johs. J. Hareide  
Past pres: Karin S. Holstad  
Styremedlem: Eileen B. Hareide  
Styremedlem: Sverre J. Ulstein  
Ansv.red.: Hanne Rognan  
Referent: Aage Nytnun

## Fødselsdager i februar:

Jan Håvar Nytnun	16. februar
Sigurd L. Bigset	21. februar
Runar Haddal	27. februar

---

## HUGEN.

**Hugen fer so vida  
millom Von og Kvida.  
Myket kjemer til, som ingen hadde spaatt,  
myket kjemer stort, og verder sidan smaatt.  
Hugen fer so vida.**

**Hugen fer som Daaren,  
drøymmer stødt um Faaren.  
Fram i Vegen, trur eg, er ein Bakke bratt;  
naar eg kjemer der, so er det berre flatt.  
Hugen fer so vida.**

**Hugen fer som Draumen  
att og fram i Straumen.  
Fram i Vegen vist eg ventar meg ein Skatt;  
naar eg kjemer der, so er han burte radt.  
Hugen fer so vida.**

**Hugen fylgjer Tidom,  
trøyttest ut av Stridom.  
Naar eg ser, eg inkje Huset større fær,  
gjerer eg meg nøgder med det, som det er.  
Hugen fer so vida.**

*Ivar AAsen*

---

## Møte 02.02.2015.

Presidenten ønskte velkommen til nytt møte, og til opning song vi ”Den første song eg høyra fekk .”

Johs. J. Hareide minte om 50-årsfesten vår den 28. februar og at det nærast var obligatorisk oppmøte, så han oppmoda alle om å melde seg på og betale det det kosta.

Dagens program var ved Oscar Grimstad, tidlegare medlem i klubben vår og stortingsrepresentant for FrP.

Oscar er inne i sin andre periode på Stortinget, og han sit no i energi- og miljøkomiteen.

Etter siste stortingsval sit no FrP og Høgre med regjeringsmakta. Han fortalde litt om utfordringane med å vere med i ei mindretalsregjering, då ein må ta mange diskusjonar og avklaringar for opa scene, mens ein i ei fleirtallsregjering kan gjere dette i lukka rom.

Stortinget er landets øvste beslutningsorgan, og han fortalde litt om arbeidet som føregår der, m.a. med nye lovforslag som skal vedtakast.

Alle representantane blir plasserte i ulike komitear, og mykje av tida går til arbeid der.

Arbeidet i energi- og miljøkomiteen er svært omfattande og femner vidt. Komiteen har faste møte, og der er mange saker dei skal ha ei meining om, som t.d. kommunereformen, politireformen, energimeldinga, Johan Sverdrup-utbygginga, grøne sertifikat og klimameldinga.

I tillegg kjem det ofte delegasjonar frå heile landet som ynskjer møte med dei ulike komiteane.

Siste år var Oscar ein måned i FN i New York og fekk oppleve denne store organisasjonen med over 4000 tilsette på nært hald. Det var både spanande og interessant.

Så var han på klimakonferanse i Lima, og neste reise går til Sør Afrika. Så det følgjer med ein god del reiseverksemd ved å sitje i ein stor og viktig komite på Stortinget.

Til slutt fortalde Oscar om sitt sivile yrke som er blikkenslager. Han dreiv i mange år K. Grimstad Blikkenslagerverksted, inntil han for ei tid sidan slo seg saman med Dag

Kristensen, som driv same slag verksemd i Ulsteinvik. Dei er no m.a. størst i vårt område på utleige av lifter og stilas. Dag Kristensen er dagleg leiar i det nye selskapet, og Oscar er styreformann.



*Oskar Grimstad*

## Møte 09.02.2015

Presidenten ynskte velkommen til nytt møte. Etter opningssongen orienterte han om presidentforum som hadde vore i Volda siste veke. Han fortalde om kva dei ulike klubbane jobbar med for tida.

Vårt program for dagen var egoforedrag ved Vegard Gjerde.

Han delte foredraget inn i fire bolkar: Privat, yrke, andre aktivitetar, Rotary

### Privat

Vegard var fødd i 1947 og vaks opp på Gjerde i ein søskenflokk på tre. Mora var frå Fjørå og faren frå Hareid. Han var sjømann/bonde, og besteforeldra budde i "kårenden" i same hus, noko som var vanleg på den tida.

Barndommen var rik på mange måtar. Ved å vakse opp på ein gard og med ein far på sjøen, måtte han tidleg lære seg å arbeide, og han måtte også gjere ting han i utgangspunktet ikkje var gamal nok til, t.d. køyre traktor. Men i ettertid såg han at han hadde hatt nytte av at han tidleg måtte lære seg å ta ansvar og jobbe, sjølv om han av og til misunte dei som var fri frå gardsarbeid. Spesielt sommarstid.

I folkeskulen på Holstad hadde han først Olga Hareide, deretter Ruth Gjertnes og til slutt Olav Brubakk som lærarar. Etter det vart det framhaldsskule og opptak til privat realskule med Peder Måseide som lærar.

Etter fullført realskule reise Vegard frå Hareid og flytte ikkje tilbake hit før sommaren 2014.

Først gjekk turen til Jørstadmoen ved Lillehammer for avtjening av militærtjeneste, og der traff han Bjørg frå Molde, som gjekk på kurs for vordande telefondamer. Dei gifta seg i 1967, og i desember same året fekk dei si første dotter, Randi. Seinare har dei fått Trond i 1970 og Grete i 1974. Og det har etter kvart kome seks barnebarn som gir han stor glede. Han og Bjørg heldt i saman til våren 2002. Dei hadde då budd i Molde, Årdal, Oslo, Molde igjen, Kongsvinger og Bærum. Dei hadde hus i Bærum og rekkjehus i Spania.

I romjula 2002 svara han ei kontaktsøkjande kvinne på internett, litt uvanleg på den tid.

Etter at han hadde reist til Svalbard for å jobbe der, kom Torill etter, og i 2004 vart dei vigde av Sysselmannen. Etter ti gode år saman med Torill, valde han likevel separasjon i 2014. Draginga tilbake til røtene på Hareid og mistrivsel ved å bo på Nesodden var nok medverkande til det.

### Yrkesdelen

Ved sidan av småjobbar hos Ottar Teigene på Mylnå, i Brandal hos Peter Karlsen og lossing av Grønlandsbåtane til Elling Årset i ungdomen, var hans første ordentlege jobb som dekksgut på "Jobella" rett etter eksamen på realskulen. Medan han var der, fekk han melding om at han var komen inn på Telegrafskulen og tok til der i oktober 1964.

Hans første jobb etter skulen var i Måløy, og etter det var det Molde og Årdal. I 1971-72 var det vidare skulegang for påbygging til "teleingeniør" og deretter tilbake til Molde.

Der hadde han ulike leiarjobbar. 1986 til 1989 var han telesjef for Molde Teleområde – yngste telesjef i landet med 150-170 tilsette.

1989-1992 var han telesjef i Kongsvinger teleområde, landets største, med om lag 1200 tilsette.

Deretter hadde han ulike leiarjobbar innan televerket, til han i 2003 vart tilsett som Administrerende direktør for Telenor på Svalbard. Der fekk han ansaret for ei betydeleg utbygging av tele- og datanettet.

Frå 2010 til 2013 jobba han i VegaTor Consulting AS til han gjekk av med AFP.

Så han hadde heile si yrkesaktive tid innan Telegrafverket, Televerket og Telenor.

Eit lite apropos: i 1979 var det 465 dagars ventetid for å få fasttelefon, så tidene har endra seg mykje innanfor dette området også.

### Andre aktivitetar

1974 -1979 Telegrafmenneses Landsforbund

1976 -1980 Representantskapsordførar i Molde Boligbyggelag

1976 – 1985 Molde fotballklubb, lagleiar og styremedlem

1979 – 1981 Leiar Molde Høgre

1979 – 1983 Varamann Molde kommunestyre

P.g.a. hjerneslag våren -83 fekk han råd frå lege om å seie frå seg verv med mykje papirarbeid ved sidan av jobben. Dermed hadde han pause frå alle slike verv for ein periode.

2003 – 2006 Leiar i Svalbard Høgre  
2003 – 2009 Varamedlem og medlem Longyarbyen lokalstyre  
2007 – 2009 Styreleiar Svalbard Samfunnsdrift AS  
2004 – 2007 Styreleiar Pole Position Spitsbergen AS (Norge og stormaktene)  
2005 – 2011 Styremedlem BaseCamp Spitsbergen AS  
2011 – 2014 Styremedlem Nesodden Høyre  
2012 – 2014 Leiar i Nesodden Forlikråd

### **Rotary**

1986 – 1989 Molde Øst RK  
1989 - 1992 Kongsvinger RK  
1993 – 2002 Bærum Vest RK  
2003 – 2006 Svalbard RK  
2014 - Hareid RK



*Vegard Gjerde*

### **Møte 16.02.2015.**

Presidenten ynskte velkomen til nytt møte, til opning song vi ”Blåmann Blåmann”

Deretter orienterte John Stennes om The David School i Sierra Leone.

Skulen er no i gang igjen etter ebolia-utbrot i området. Og no kan også kvar enkelt av oss bli fadder for eitt eller fleire barn på The David School. Ved å betale inn kr. 50,- pr. elev pr. mnd., som dekker løn til lærar og undervisningsmateriell, kan ein vere med å gi desse elevane utdanning og ei betre framtid. John delte ut informasjon om korleis dette kunne gjerast reint praktisk, og dersom nokon ynskjer hjelp til det, så kontakt John.

Dagens program var Rotarystien og Kvernhuset v/Johs J. Hareide.

Planlegging og oppstart av det som skulle utvikle seg til det største prosjektet til no i Hareid Rotaryklubb starta det året Johs. var president. I forkant av presidentåret sitt hadde han grubla på kva prosjekt han skulle ha i sitt Rotaryår. I yngre år hadde han ferdast mykje i området langs elva og beskrev korleis der var i hans oppvekst, før gjengroinga tok overhand. Dette tenkte han at det kanskje kunne gjerast noko med slik at ein også i dag kunne oppleve denne spesielle stemninga og fine naturen langs elva.

Dermed vart Rotary-stien hans prosjekt i Rotaryåret 2001/2002, og det har vore eit viktig prosjekt i alle Rotaryår etter det.

Første etappe var frå Utgårdfabrikken til Grimstadvatnet. I samarbeid med kommunen og god hjelp frå Hans Gisle Holstad og Lars Nordhaug vart det utarbeidd søknad om tippemidlar, og det vart innvilga kr.197.500,-. Så vart Øyvind Yri kontakta, og han ville gjere jobben for kr. 100.000,- mot at han kunne ta det innimellom andre oppdrag.

Det vart organisert fleire dugnadskveldar for rotarymedlemene, og traseen vart rydda for større og mindre vegetasjon. Yri hadde ikkje høve til å fullføre og avslutta etter at ca 300 meter, utan betaling.

Johs. fekk så vite at det skulle leggast ny vassledning frå gamle Hareid bru forbi huset til Bjørndal. Han fekk dei til å ikkje så til traseen, men i staden gruse han, slik at han kunne brukast til sti. Så fekk han vite at det skulle leggast fiberkabel frametter dalen mot Ulsteinvik, og denne skulle gå langs Hareidvassdraget. Han fekk så til eit møte med Tafjord Mimer der det vart lagt grunnlag for vidare samarbeid. Ein fekk også legge stien langs Grimstadvatnet i grenseområdet til naturreservatet, takka vere sterk vilje frå grunneigarane og godvilje frå Miljøavdelinga i fylket etter ein det bearbeiding. Planen er at stien skal gå vidare forbi Kaldholelva og fram til golfbana i første omgang, og seinare vidare mot Eidet.

Det vart klage på plasseringa av Rotarybrua ved osen til Grimstadvatnet, då det viste seg at ho låg innanfor naturreservatet. Etter mykje fram og tilbake med Miljøavdelinga i Fylket, og god hjelp frå kommunen, hamna saka hos Miljøavdelinga i Oslo, som skar gjennom og flytta grensa for verneområdet utanfor brua, slik at ho kunne bli ståande.

Nedfor dammen var det i si tid fem kvernhus, men fram mot krigen var det ikkje aktivitet i nokon av dei, og kvernhusa forfall etter kvart. Under krigen vart det kvernhuset som no er restaurert, teke i bruk att. Kvernhuset hadde to kverner, den eine var så forfallen at ho ikkje kunne reparerast, den andre vart restaurert og sett i drift.

I 2010 vart kvernhusprosjektet sett i gang, kvernhuset låg nede og var i svært dårleg forfatning. Etter litt fram og tilbake vart det møte mellom grunneigarane og initiativtakarane. Arkitekt Berge Hjørungnes vart kontakta, og han utarbeidde plan og teikningar for korleis restaureringsarbeidet kunne gjerast, og Gunnar Hjørungnes vart engasjert til å utføre arbeidet. Klubben har fått "smilmidlar" og god støtte frå næringslivet for å få prosjektet gjennomført. Totalkostnadene på restaureringa så langt er på kr. 363.000,-

Det er inngått avtale med alle grunneigarane om at kvernhuset kun skal nyttast av Rotary og av kommunen. Det vil seinare bli offisiell opning av kvernhuset.

Til slutt orienterte Sverre Bjåstad om at han på neste møte vil presentere jubileumboka han har skriva i høve 50-årsjubileet. Til det møtet vil også tidlegare medlemmer bli inviterte.



*Kvernhuset*

## Møte 23.02.2015

Presidenten ønsket velkommen til møtet. Til åpning sang vi "At far min kunne gjera"

Møtet var, som det siste i månaden, i utgangspunktet programfritt, men jubileumboka var no komen frå trykkeriet. Sverre Bjåstad, som har skrive boka, presenterte henne og fortalde om arbeidet som ligg bak. Det viktigaste bakgrunnsstoffet for å kunne lage boka har vore månadsbrev. Det har i enkelte månader ikkje vorte skrive månadsbrev og det er ikkje bra. I tillegg har han fått plass til mange bilete i boka som viser aktivitetar og medlemmer i ulike samanhengar. Det har i periodar vore teke lite fotografi, slik at det har vore ei utfordring å finne tak i bilete frå dei enkelte rotaryår. Første del av boka tek føre seg kvart Rotaryår dei siste 25 åra, pluss ein del anna stoff, medan i siste delen er boka som vart laga av Peder Måseide i samband med 25 års jubileet, teka inn. Frå tidlegare medlem og forfattar Richard Berg hadde han fått eit klart råd om at boka måtte ha stive permar, og slik vart det. Ei skikkeleg flott bok, og stor ære til Sverre for vel utført arbeid.

I samband med presentasjon av jubileumboka var tidlegare medlemmer inviterte til møtet, og mange hadde møtt opp. Boka vart så delt ut, og alle vart opptekne med å bla og lese i den. Tidlegare medlemmer kan kjøpe boka for kr. 300,-, og mange nytta seg av det denne kvelden. Svein Johs. Flø takka på vegne av tidlegare medlemmer for at dei hadde vorte inviterte og sa at dei sette stor pris på det.



*Forfattar Sverre Bjåstad overrekker 50 årsjubileumboka til president Øystein Alme.*

## Jubileumsfest 28.02.2015

Den 01.03.1965 vart Hareid Rotary Klubb stifta, og laurdag 28.02. 2015 var det stor

### 50-årsjubileumsfest på Melshorn Hotell.

President Øystein Alme ønsket distriktsguvernør Knut Kvalvågnes med frue, gjester og medlemmer med fylgje velkomne til fest.

Presidenten overlet så ordet til kveldens programleiar, Karin Svendsen Holstad, som leia oss trygt gjennom kveldens program, som m.a. bestod av mykje song, musikk og talar. Hotellet serverte ein god trerettars middag med dessert, og kaffi og kaker vart servert seinare på kvelden. Først i talarrekka var distriktsguvernør Knut Kvalvågnes som helsa få distrikt 2050 og overrekte gåve. Seinare var det også helsingar frå Ulstein Rotaryklubb, Herøy Rotaryklubb, Ørsta Rotaryklubb og Sula Rotaryklubb med overlevering av gåver. Festkvelden baud også på mange kulturinnslag. Mellom anna song og musikk av Øivind Sønnesyn, Leif Arne Nydal og Eileen Hareide Brandal, pianomusikk av Atle Havåg, og diktlesing ved Vigdis Riise. Sverre Bjåstad fortalde frå jubileumboka som han har laga. Han tok føre seg dei viktigaste hendingane i klubben gjennom desse femti åra. Vi har hatt mange utvekslingsstudentar, både som vi har sendt ut og som vi har teke i mot, og han las litt frå alle dei breva vi har fått frå desse.



Høgdepunktet under festen var tildeling av Paul Harris Fellow til Egil Utgård. Seremonimeister Jarle Kristiansen gav ordet til Einar Holm, som gav ei svært god skildring av alt det Egil har vore med på, både innan Rotary og, ikkje minst, som industribyggjar på Hareid, der møbel-fabrikken i Hareidsmyrane har vore med på å sikre over 100 arbeidsplassar i kommunen.

*Fra venstre. President Øystein Alme, Einar Holm. Egil Utgård. Distriktsguvernør Knut Kvalvågnes, seremonimester Jarle Kristiansen.*



Til avslutning på kvelden song vi "Å Vestland – Vestland"

Stor takk til festkomiteen med Hans Gisle Holstad, som leiar for ein flott kveld med mykje godt program.



*T.v. President i Hareid Rotaryklubb Øystein Alme og distriktsguvernør Knut Kvalvågnes.*